



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne

**Møtestad:** *Møterom 2 Hareid rådhus*

**Dato:** *2.5.2012*

**Møtet tok til** *14:40*

**Møtet slutta** *15:45*

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå og med 26.4.2012 og fram til møtedagen.

### **FASTE MEDLEMAR SOM MØTTE:**

| Namn            | Funksjon  | Representerar |
|-----------------|-----------|---------------|
| Ottar Røyset    | Nestleiar | H             |
| Øyvind Finnvik  | Medlem    | FRP           |
| Tove Strand     | Medlem    |               |
| Ingvild Åkervik | Medlem    |               |

### **FASTE MEDLEMAR SOM IKKJE MØTTE:**

| Namn              | Funksjon | Representerar |
|-------------------|----------|---------------|
| Eldbjørg Ertesvåg | LEDER    |               |

### **FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:**

| Namn              | Stilling     |
|-------------------|--------------|
| Reidun Auflem Vik | møtesekretær |

Nestleiar i rådet, Ottar Røyset, leia møtet.

Rådet handsama følgjande saker:

PS 4/12

PS 5/12

PS 6/12

PS 7/12

PS 8/12

I tillegg tok rådet opp ei ekstra sak om universell utforming av skuleveg.

Rådet ynskjer å få tilgong til informasjon om ein del saker før høyringsfristen går ut.

Leiar må sende e-post til dei andre medlemane i rådet for å informere om dei sakene som vert sendt rådet for uttale.

### **SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT**

| <b>Saksnr</b>  | <b>Tittel</b>  | <b>Arkivsaksnr</b> |
|----------------|--|--------------------|
|                | <b>Politiske saker</b>   |                    |
| <b>PS 4/12</b> | <b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>   |                    |
| <b>PS 5/12</b> | <b>Godkjenning av protokoll førre møte</b>   |                    |
|                | <b>Referat saker</b>   |                    |
| <b>RS 9/12</b> | <b>Til kommunens råd for likestilling av funksjonshemma</b>  | 2012/624           |
|                | <b>Politiske saker</b>   |                    |
| <b>PS 6/12</b> | <b>Forslag til reguleringsendring - Detaljregulering Ytre Hareid Hamn - 1. gongs off. ettersyn</b> | 2011/1261          |
| <b>PS 7/12</b> | <b>Høyring ruspolitsk handlingsplan - løyvedelen</b>   | 2012/681           |
| <b>PS 8/12</b> | <b>Øyeblikkeleg hjelp døgnopphald i omsorgstenestene i Hareid</b>                                  | 2012/597           |

Hareid,

utvalsleiar

utvalsekretær



## **POLITISKE SAKER**

### **PS 9/12 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### **PS 10/12 Godkjenning av protokoll førre møte**

**Rådet for menneskes med nedsett funksjonsevne si handsaming:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Protokoll frå møte 15.3.2012 vart godkjent.

## **REFERAT SAKER**

### **RS 10/12 Til kommunens råd for likestilling av funksjonshemma**

#### **Røysting:**

Samrøystes.

#### **Vedtak:**

Referatsak møteprotokoll frå M & R fylkeskommune – Rådet for likestilling for funksjonshemma, møte 2.3.12, vart teke til vitande.

## **POLITISKE SAKER**

### **PS 11/12 Forslag til reguleringsendring - Detaljregulering Ytre Hareid Hamn - 1. gongs off. ettersyn**

#### **Menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fylgjande merknad til reguleringsforslaget til detaljregulering Ytre Hareid Hamn:

RFU ser positivt på saka om regulering av regulering av Ytre Hareid Hamn. Rådet vil presisere verdien av universell utforming:

- Bruk av materiale som framhevar konturane i landskapet, t.d trapper. Dette kan gjerast ved å bruke forskjellige materiale og fargar. Dermed kan ein spesielt ta vare på blinde og svaksynte.
- Rådet bed også om at organisasjonane til personar med nedsett funksjonsevne vert tekne med på råd i planarbeidet for Ytre Hareid Hamn.

#### **Røysting:**

**Samrøystes.**

### **PS 12/12 Høyring ruspolitsk handlingsplan - løyvedelen**

#### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:**

#### **Røysting:**

**Samrøystes.**

#### **Vedtak:**

RFU har ingen merknader til den Ruspolitiske planen – løyvedelen.

### **PS 13/12 Øyeblikkeleg hjelp døgnopphald i omsorgstenestene i Hareid**

#### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:**

#### **Røysting:**

**Samrøystes.**

#### **RFU si tilråding:**

Hareid kommunestyre godkjenner avtale med Helse Møre og Romsdal om øyeblikkelig hjelp døgnopphold i samsvar med vedlegg 1.

## **PS 14/12 universell utforming av skulevegledelinje for blind elev**

### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming:**

Medlem av rådet, Ingvild Åkervik, tok opp ei ekstra sak som gjeld universell utforming av skuleveg blind elev.

I forbindelse med bygging av gangveg(fortau) er der laga *ledelinje* for blind elev.

Etter merknad frå Hareid ungdomsskule vil RFU få fortgong i universell utforming av skuleveg til brukar. Det vart gjort vedtak om denne saka førre året. RFU vil kome med klage over at dette ikkje er gjort ferdig og bed om at dette vert utført snarast.

Nestleiar i rådet, Ottar Røyset, vil ta opp saka med teknisk sjef Nils Yngve Nupen.

### **Røysting:**

**Samrøystes.**

### **Vedtak:**

RFU kjem med merknad til teknisk sjef i Hareid kommune.

*Etter merknad frå Hareid ungdomsskule vil RFU få fortgong i universell utforming av skuleveg til brukar. Delar av ledevegen er ikkje fullført. Det vart gjort vedtak om denne saka førre året. RFU vil kome med klage over at dette ikkje er gjort og bed om at dette vert utført snarast.*

Hareid, 4.5.2012

Reidun Auflem Vik  
utvalssekretær